



Til opprettarane av Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter

Kvam herad
Ullensvang kommune
Ulvik herad
Eidfjord kommune
Voss herad
Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Norheimsund 4. mai 2021

Uttale om fusjon av Hardanger fartøyvernssenter og Hardanger og Voss museum

Bakgrunn

Styret og årsmøtet i Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har i fleire år reflektert over og drøfta framtida til organisasjonen. På styremøtet den 5. november 2020 vedtok styret å gå vidare med planar om å slå saman stiftinga med Hardanger og Voss museum. Ei gruppe vart satt ned for å jobba vidare med desse planane.

Grappa utarbeidd grunnlaget for vedtak i saka. I løpet av våren 2021 har dei to styra, Stiftinga Hardanger og Voss museum og Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter, gjort følgjande likelydande vedtak:

- 1. Styret vurderer det slik at vilkåra for omdanning i stiftelsesloven § 46 punkt d. er til stades, slik at stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og stiftinga Hardanger og Voss museum kan fusjonerast. Styret er av den oppfatning at omdanninga ivaretar det opprinnelege føremålet til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter slik § 47 i stiftelsesloven krev.*
- 2. Styret for Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter, org.nr 955 505 468 og styret for Hardanger og Voss museum, org.nr 987 927 704 godkjenner med dette fusjon (omdanning) av dei to stiftingane.*
- 3. Styret går inn for at det vert stifta eit venelag for Hardanger fartøyvernssenter, og ynskjer at nokre av oppgåvene til eigarstyret vert overført til dette venelaget. Dette vert gjennomført ved å laga ei samarbeidsavtale mellom Hardanger og Voss museum og Venelaget for Hardanger fartøyvernssenter.*

Me tek no kontakt med dei som vert rekna som stiftarane av Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter, for å få ei stadfesting av støtte til fusjon.

[Skriv her]

Litt om stiftinga Hardanger fartøyvernssenter si historie

Den 26. september 1984 reknast som stiftingsdatoen for Stiftinga Hardangerjakt av 1984. På dette møtet la interimstyret fram ein orientering om sitt arbeid. Eit arbeid som hadde ført fram til kjøp og heimtransport av Hardangerjakta Mathilde (som då gjekk under namnet Kari Louise). Interimstyret hadde både skaffa kunnskap om verneobjektet og fagleg stønad frå både Riksantikvaren, museum og Kulturrådet. Dei hadde skaffa finansiering til kjøpet og organisert heimtransporten. Dei hadde også skaffa seg støttespelarar blant kommunane og turistkontora i regionen, frå Fylkeskonservatoren og frå private. På møtet den 26. september erklærte interimstyret sitt arbeid som avslutta. Ut i frå det vert dette møtet rekna som stiftingsmøte for Stiftinga Hardangerjakt av 1984. På møtet var følgjande kommunar representert: Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Odda, Eidfjord, Granvin og Kvam. Ut over dette var Hordaland fylkeskommune og Hardanger folkemuseum representert. Det er difor desse, og Ulvik herad som ein av hardangerkommunane, som reknast som stiftarane av Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter.

I dei fyrste vedtektene står det om føremålet: Føremålet med stiftinga er å ta vare på regionale fartytypar, frå Hardanger – Sunnhordland, og gjennom kjøp, restaurering og drift av slike skapa arbeid og opplæring m.a. til interessert ungdom i denne regionen. Stiftinga skifta i 1994 namn til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter.

Hardanger fartøyvernssenter var ei sjølvstendig stifting med eige driftsstyre fram til 2006. Då inngjekk stiftinga ein avtale med Hardanger museum som innebar at driftsansvaret vart overført til Hardanger museum. I 2008 vart Voss folkemuseum også del av museet, og ein skifta då namn til Hardanger og Voss museum. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter fortsatte etter 2006 som ei eigarstifting. I dagens vedtekter står følgjande om føremålet: Hardanger fartøyvernssenter skal vera eit nasjonalt senter for fartøyvern, driftar av museumsfartøy og eit spesialmuseum for båt og fartøykulturen. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter kan stille anlegget og eigenlutar til disposisjon for sosialpedagogisk arbeid. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter kan overlata drifta av Hardanger fartøyvernssenter til Hardanger og Voss museum. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter skal framleis eiga dei faste eigedomane og eigenlutar som Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter er eigar av.

Driftsoppgåvene til styret vart altså overført til Hardanger og Voss museum i 2006. Hardanger og Voss museum har i åra som følgde ivaretatt interessene til Hardanger fartøyvernssenter på ein god måte, og det er ingenting som tydar på at dette ikkje vil bli godt ivaretatt i åra som kjem heller. Dette i kombinasjon med erkjenninga av at det er mest rasjonelt at driftsorganisasjonen har eigarskap til bygningar, fartøy og driftsmidlar er bakgrunnen for at eigarstyret i fleire år har drøfta spørsmålet om eigarstiftinga si framtid. Styret er av den oppfatning at ei samanslåing med Hardanger og Voss museum vil vera ei god løysing for Hardanger fartøyvernssenter si framtid.

Grunngjeving for omdanning (fusjon)

Av stiftelsesloven § 45 går det fram at stiftingar kan omdannast, dette kan mellom anna gå ut på «at stiftelsen slås saman med en eller fleire andre stiftelsar med i det vesentlige likearta formål»

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter vart stifta for å ta vare på regionale farty typar, og gje opplæring og arbeid til interessert ungdom, sidan var formålet utvida til å inkludera museumsdrift knytt til fartøy og båthistorie og drift av eit nasjonalt fartøyvernssenter. Etter 2004 har Hardanger og Voss museum ivaretatt desse driftsoppgåvene, mens stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har fortsatt som ei rein eigarstifting. I vedtektene til Hardanger og Voss museum står det om føremål mellom anna: Stiftinga Hardanger og Voss museum skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid.

Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleva og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen.

Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern.

Me meiner at desse to stiftingane i det vesentlege har likearta formål med unntak av at HVM har eit noko breiare føremål enn HFS.

Stiftingsloven §46 seier noko om vilkår for omdanning: Når bestemmelser i vedtektene eller dei rettslege disposisjonene som danner grunnlaget for stiftelsen, er åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig, kan omdanning vera aktuelt. Det har i dette tilfellet vist seg at det er uheldig og åpenbart ufornuftig å skilla eigarskap til bygg og driftsmidlar frå drifta.

Eigendelar, rettar og forpliktingar vert best teke hand om av ein eigar som har muligheit for å vidareutvikle gjennom verdiskapande aktivitet.

Eigarselskapet har ingen tilsette og det er i praksis Hardanger og Voss museum som sidan avtaletidspunktet har utført den verdiskapande aktiviteten knytt til eigendelane til eigarselskapet. Det er inngått ein avtale om at Hardanger og Voss museum skal nedbetale eigarselskapet sitt lån gjennom husleige. Det er den einaste ordinære aktiviteten i eigarselskapet si drift i tillegg til avskrivning av varige driftsmidlar. I tillegg er det avtalt at Hardanger og Voss museum skal føre rekneskap for eigarstiftinga og vere sekretær for styret i eigarstiftinga.

Ut over dette er det dessutan slik at Hardanger og Voss museum er det som har stått for utbygging og vesentlege ombyggingar sidan dei overtok drifta i 2006. Dermed er det Hardanger og Voss museum som eig ei utviding på seks meter i kvar ende av verkstadshallen, som Stiftinga Hardanger fartøysenter eig resten av. Hardanger og Voss museum eig også det nye overbygget over slippen med traverskran, men Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter eig slippen med vogna og skinnegangen. Hardanger og Voss museum eig også ombygginga av sjøhuset frå uisolert råbygg til isolert og nyoppussa mottaksområde med veranda, kafé og storkjøkken. Også det nye taket i dette sjøhuset eig Hardanger og Voss museum. Etersom tida går vert dei samanvevde eigeidomstilhøva ved senteret meir og meir omfattande og uoversiktleg.

Både stiftinga Hardanger og Voss museum og Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter tykkjer det er rasjonelt og føremålstenleg for formålet ved stiftingane at ein gjennomfører ein fusjon av dei to stiftingane og meiner at vilkår som vert nemnd i §46 er oppfylt.

På denne bakgrunn ynskjer styra i Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og Stiftinga Hardanger og Voss museum at dei to stiftingane skal slåast i saman.

I samanheng med fusjoneringa (omdanninga) vil det verta inngått ein avtale mellom Stiftinga Hardanger og Voss museum og Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter om å danne ei foreining som skal vera eit venelag for Hardanger fartøyvernssenter. Det vert i denne avtala lagt opp til at det nye venelaget skal overta oppgåva frå Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter med å velja to personar til rådet for Hardanger og Voss museum. Me finn det naturleg at venelaget vert etablert som ei foreining. Dette er ei organisasjonsform av meir demokratisk art enn ei stifting, noko som vil vere meir føremålstenleg for å skape aktivitet og engasjement.

Me håper at de som ein av stiftarane av Hardanger fartøyvernssenter støttar denne fusjoneringa som me ynskjer å få til, og at ordføraren i så fall kan signera vedlagte uttalebrev innan den 20. mai og returnera brevet til oss til: heidi.richardson@hvm.museum.no

Eller i posten til adressa: Hardanger fartøyvernssenter, p.b. 53, 5601 Norheimsund

Har de spørsmål knytt til denne saka så ta gjerne kontakt med oss.

Venleg helsing

Åsmund Kristiansen (s)
Direktør
Hardanger og Voss museum

Torleiv Ljones (s)
Styreleiar
Hardanger fartøyvernssenter

Heidi Richardson (s)
Avdelingsleiar
Hardanger og Voss museum

Vedlegg: Uttalebrev